

FJ PRESSEMELDING

Ein knapt revidert jernbane

Det er positivt at regjeringa Støre i revidert nasjonalbudsjett 2026 føreslår å auke potten for kompensasjon til godstogselskapa på grunn av raset på Nordlandsbanen 30.8.2025 med 150 mill. Dette er heilt nødvendige pengar skal vi ha ein oppegåande godstogbransje i landet. I tillegg til Stortinget må også ESA godkjenne løyvingane.

–Vi ser også fram til at Nordlandsbanen opnar att 22. juni, seier Kjell Erik Onsrud, leiar av For Jernbane.

Det er også bra og nødvendig at regjeringa føreslår meir til vedlikehald av eksisterande togpark, sidan bygginga av dei nye persontoga blir forseinka.

– Eg trur også regjeringa bør høyre med togselskapa om det er behov for å bestille endå fleire nye togsett, seier Kjell Erik Onsrud.

Regjeringa føreslår inga auke i vedlikehaldet av banenettet, sjølv om etterslepet er i milliardklassen og kronisk veksande. Etter to år ligg løyvingane til jernbanen 4,8 mrd. etter nasjonal transportplan 2025–36.

For riksveg ligg løyvingane 6,8 mrd. føre transportplanen. Etter det ordinære statsbudsjettet 2026 skal ein ta att vedlikehaldsetterslep på riksvegane med ca. 150 mill. kr. I revidert føreslår regjeringa ytterlegare 600 mill. til vegvedlikehald.

– Jernbanen kunne minst trenge ein tilsvarande sum, seier Kjell Erik Onsrud.

I statsbudsjettet for i år skriv regjeringa at «over 90 % av riksvegnettets oppfyller krava til horisontalkurvatur. Dette bidrar til generelt god trafikktryggleik i riksvegnettets. Om lag 80 pst. av riksvegnettets oppfyller krava til vertikalkurvatur. Dette er med på å gi generelt høy grad av oppetid i riksvegnettets».

Dette er bra, men jernbanen parallelt med riks- og europavegane følgjer i stor grad meir enn 100 år gamle traséar med skarpe svingar og bratte stigningar. Eit langt tog kan vere i fleire svingar samtidig. Det er spektakulært, men konkurrerer dårleg.

– Det trengst nye dobbeltspor, påpeiker Kjell Erik Onsrud med store forventningar til eit offensivt jernbanebudsjett til hausten.

Kontakt for denne pressemeldinga:

Kjell Erik Onsrud
leder@jernbane.no